



MØTEBOK

Møte: 1-2018
Møtedato: Onsdag 14.02.2018
Møtestad: Viefluno Rådhuset
Tid: 19.00

Desse møtte:

Roald Stautland, Odd Kåre Sakseid, Sammy Olsen, Trygve Totland, Berit Hallaråker, Mona Ingvaldsen Hodne, Elin Taranger, Solfrid Lønning, og Trygve Leigland.

Roald Stautland leia møtet.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2018-01-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 6 – 2017 vart godkjent.

2018-01-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Informasjon om personalsituasjonen. Møtebok 1 – 2018 frå Administrasjonsutvalet 13.2.2018 var gjennomgått.

2. Mail frå Rådmannen om lokalisering av kyrkjekontoret 2-3 år fram i tid. Vart her diskutert om lokalisering som vart oppgjeven i mailen var feil, noko som i etterkant er stadfesta. Det er snakka om anna plassering av kyrkjekontoret i Svortland sentrum. Administrasjonen svara på spørsmåla om kva ein tenkjer om ny lokalisering om 2-3 års fram i tid.

3. Rekneskapet for servicebygget på Lykling vart gjennomgått og informert om. Prosjektet i sin heilheit vart noko billigare enn det ein antok i skriv til fellesrådsmedlemmene i slutten av september 2017. Likevel er det bruk av premiefond som fører til at overføringa frå drift til investeringar vert større enn budsjettert for 2017.

4. Miksepult til Bømlo kyrkje er i bestilling.

5. Status for gravferdsplanen. Kjem på mail til fellesrådsmedlemmene, for eventuelle kommentarar. Ikkje sendt til kommune leiinga. Spørsmålet er om ein har teke godt nok høgde for endringane som vart vedteke i møte 6- 2017, eller om ein skal gå enda meir djuptgåande i endringane.

6. Informasjon om dugnadstilbode frå Landmark maskin.

2018-01-03 REKNESKAP 2017

Det var gjeven ei orientering om rekneskapet for 2017. Avvika mellom budsjett og rekneskap på dei ulike oppsamlande kontogruppene (lønn, utstyr, refusjonsar, tilskot osv.) vart gjennom gått. Det som er mest tydeleg for 2017 er eit mykje betre resultat på festeavgifter enn budsjettet. Vidare er det også merkbart meir refusjonar på sjukelønn enn budsjettet.

Det vart still spørsmål til bruk av stell fond, noko kyrkjeverja måtte sjå nærare på.

Hovudspørsmålet knytt til rekneskapet var likevel kva ein gjer med underskotet på diakoni. Det vart drøfta litt fram og tilbake mellom alternativa å dekke underskotet av det bundne fondet, eller bruka av mindreforbruket. Ein konkluderte med bruk av mindreforbruket men med føringar om at dette må komma tydeleg fram.

Resten av mindreforbruket vert set av til ubundne fond.

Vedteke:

1. Fellesrådet tek rekneskapen for 2017 til orientering.
2. Kyrkjeverja tek hensyn til føringane frå fellesrådet i slutføringa av rekneskapet.

2018-01-04 OPPRETTING I UKLARHEITER RUNDT FESTEAVGIFTER, OG REGLAR OG BESTEMELSAR KNYTT TIL RESERVASJON AV GRAV

Nokre problemstilling vart løfta i saksutgreiinga knytt til fakturering av graver m.m. **Utfordring 1.** Fakturering av reserverte graver. Vart her stilt spørsmål til den ulike praksis før og etter 1.1.2016. Konklusjon: Gjennomfører praksisen som ein allereie gjer: 500,- for reservering, sidan fri grav på graver før 2016. Kontinuerleg fakturering på reserveringar etter 1.1.2016

Utfordring 2. Fakturering for utanbygds personar. Viktig med tydeleg informasjon mellom gravferdsbyrå, kyrjekontor og pårørande. Må jobba mot å få på plass bestillingsskjema til pårørande med signatur.

Utfordring 3. og 4. Fakturering for graver som ikkje kan brukast oppatt, og fakturering for graver på nedlagde gravplassar vert ikkje praktisert. Likheilt vart her presisert. Vert gravplassen stelt skal grava betalast for. Moster gamle inga unntak. På det ferda området er det ingen garanti for at gravminne skal bli ståande. Administrasjonen må frå 2019 få ut informasjon om at graver vil bli fakturert sjølv om grava ligg på gravplass der grava ikkje kan brukast oppatt.

Vedteke:

1. Administrasjonen jobbar vidare med saka ut frå innspela frå fellesrådet.
2. Fellesrådet tilrår administrasjonen å utarbeide enda tydelegare føringar for praksis knytt til fakturering av festeavgift i ulike spesielle senario.

2018-01-05 BREV TIL BJØRGVIN BISPEDØME ANG. SOKNEMØTE I MOSTER

Fellesrådet sin myndighet i saker om utleige av kyrkjene vart diskutert, og med bakgrunn i uttale på soknemøte i Moster om at soknerådet kan nekta bruk av kyrkja er det fremja forslag om brev til Bjørgvin Bispedøme, Kyrkjemøte og biskop med ei avklaring rundt dette.

Det vart fremja forslag om å forkaste saka. Forslaget vart nedstemt med 6 mot 2 stemmer.

Vedteke:

Kyrkjevevja i samråd med leiar i fellesrådet utformar og sender brev til Kyrkjemøte, biskop, og bispedømeråd og bed om avklaring om eit sokneråd og/eller soknemøte kan nekta bruk av kyrkja.

2018-01-06 PÅSKJØNNING TIL TILSETTE

Det vart føreslått ei lita endring som det vert teke høgde for. Punkt 9. «...sitt familiemedlem» vert erstatta med «...sin ektefelle og barn» som i punkt 6.

Vedteke:

Fellesrådet godkjenner revidert forslag til «Påskjønning til tilsette»

2018-01-07 MØTEDATOAR FOR 2018

Vedteke:

Vår:

Onsdag 14.02.18

Onsdag 21.03.18

Onsdag 30.05.18

Haut:

Onsdag 29.08.18

Onsdag 24.10.18

Onsdag 05.12.18

2018-01-08 ORGELKOMITÉ

Vedteke:

1. Fellesrådet godkjenner komiteen som Moster sokneråd har sett til å arbeida med progresjonen mot nytt orgel i Moster kyrkje.
2. Fellesrådet godkjenner Moster sokneråd sitt forslag til mandat til komiteen med endringar. Mandat ligg vedlagt.
3. Fellesrådet utnemner Mona Hodne til å vera med i komiteen frå fellesrådet.

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjevevje

Soknerådet i Moster og Bømlo kyrkjelege fellesråd gjev fylgjande mandat til orgelkomiteen:

Målsetjing: å føra ein prosess som leier fram til at nytt orgel kan vigslast til bruk i Moster kyrkje seinast februar 2024.

For at så kan skje må fylgjande gjennomførast:

- 1) Det må greiast ut kva type orgel og kapasitet instrumentet skal ha. Orgelet skal vera mekanisk og bør ikkje ta opp vesentleg mykje meir plass fysisk i rommet enn noverande orgel. Nytt orgel skal godkjennast av biskopen/fellesrådet/soknerådet.
- 2) Komiteen må oppretta kontakt med Norsk Orgelkonsulentforening, i Bjørgvin bispedøme ved Hallgeir Øgård Westli. Komiteen skal ha ein fast konsulent. Fellesrådet godkjenner utnemning av konsulent og kostnadsramma for denne.
- 3) Politisk leiing og administrasjon i kommunen må koplust inn tidleg i prosessen og forplikta seg til støtte økonomisk og elles. Økonomisk prosjektplan utarbeidast saman med fellesrådet som held kontakt med kommunen.
- 4) Komiteen skapar kjennskap til og engasjement rundt nytt orgel gjennom media, i gudstenester og på ulike måtar elles.
- 5) Komiteen finn gjevarar og sponsorar, både privatpersonar, bedrifter og offentlege instansar.
- 6) Det må hentast inn anbod gjennom Doffin frå minst 3 ulike orgelbyggjarar, gjennom open utlysing. Anbod må vekta pris, kvalitet og sikkert leveringstidspunkt. Ein må ta stilling til vektig av pris. Fellesrådet har ansvaret.
- 7) Avgjerdse om anbod vert ved Bømlo kyrkjelege fellesråd, og skjer ut frå dei føringar som gjeld i lova. Orgelkomiteen og soknerådet i Moster har rådgjevande funksjon.
- 8) Komiteen konstituerar seg sjølv. Komiteen rapporterar inn til Moster sokneråd og Bømlo kyrkjelege fellesråd. Den politiske leiinga i kommunen, prosten i Sunnhordland og Bjørgvin bispedøme bør også haldast orientert. Spørsmål til bispedømet kan rettast til Ragnhild Tveit, rådgjevar for kyrkjekunst og farvaltning. Komiteen bestemmer kor ofte ein treng møtast, står sjølv for innkalling og fordeler oppgåver seg imellom.

- 9) I samband med at 2024 både er riksjubileum for at kristenretten er 1000 år og 150-årsjubileum for Moster kyrkje, bør komiteen leggja ein plan der bruken av nytt orgel inngår i begge markeringar.
- 10) Komiteen må levere kvartalsmessige rapportar til sokneråd og fellesråd.

Komiteen anbefalast å ta kontakt med Fitjar kyrkjelyd, som nyleg har fått nytt orgel, for erfaringsdeling rundt prosess.